



ING. TAULE AS
Radøyvegen 1400
5936 MANGER

Saksbehandlar, innvalstelefon
Caroline Sandven Taule, 55572232

Alver kommune gnr. 449 bnr. 32 - Nøttveit – Klage på sakshandsaming og gebyr

Vi viser til oversending av klagesak frå Alver kommune, mottatt her 02.05.2023. Statsforvaltaren beklagar den lange sakshandsamingstida.

Vedtak

Statsforvaltaren stadfestar Alver kommune sitt gebyrvedtak, ref. GBNR-449/32, FA-L42.

Bakgrunn for saka

I samband med handsaming av søknad om løyve til bruksendring gav Alver kommune eit sakshandsamingsgebyr på totalt kr. 5286,-. Gebyret er heimla i Gebyr- og betalingssatsar 2022 § 16-01.

Som ansvarleg søkjar har de klaga på gebyret i e-post av 20.12.2022. Klagen er i hovudsak retta mot sakshandsamingstida i byggesaka. I klaga vert det indikert at kommunen har delt ansvar for at sakshandsamingstida tok så lang tid. På denne bakgrunn meiner de at det er grunnlag for bortfall av gebyret i si heilskap. Vi viser elles til klaga i si heilskap.

Kommunen handsama klagen den 30.04.2023, men fann ikkje grunnlag for å endre gebyrvedtaket. Saka vart deretter sendt til Statsforvaltaren for endeleg avgjersle.

Regelverk

Statsforvaltaren er delegert myndigheit til å avgjere klager som gjeld enkeltvedtak etter plan- og bygningslova, sjå plan- og bygningslova § 1-9 femte ledd og rundskriv T-2/09 frå Kommunal- og distriktsdepartementet.

Statsforvaltaren kan prøve alle sider ved vedtaket, også dei skjønsmessige vurderingane som kommunen har gjort, jf. forvaltningslova § 34. Ved prøving av det kommunale skjønnnet skal Statsforvaltaren leggje stor vekt på omsynet til det lokale sjølvstyret.

Plan -og bygningslova § 33-1 første ledd gir kommunen heimel til å fastsette gebyr til dekning av utgifter for handsaming av «*søknad om tillatelse, utferdigelse av kart og attester og for andre arbeid*



som det etter denne lov eller forskrift påhviler kommunen å utføre, herunder behandling av private planforslag».

Gebyret skal ikkje overstige kommunen sine nødvendige kostnader på sektoren.

Sidan sjølve gebyret sin storleik og ilegginga av gebyret er vedtatt i forskrift, kan det ikkje klagast på som eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 28 første ledd, jf. § 2. Kommunen kan derfor avvise klager på ilegging av gebyr. Bruken av forskrifta og grunngjevinga for ilegginga kan likevel klagast på til Statsforvaltaren, jf. pkt. om Generelle reglar.

Kommunen har gitt gebyr med heimel i Gebyr- og betalingssatsar 2022 § 16-01¹.

Om kommunen si sakshandsamingstid følgjer det av pbl. § 21-7:

«Søknad om tillatelse etter § 20-2 skal avgjøres av kommunene innen 12 uker etter at fullstendig søknad foreligger, med mindre annet følger av andre eller tredje ledd. Ved overskridelse av fristen skal kommunen tilbakebetale byggesaksgebyret etter nærmere bestemmelser i forskrift, jf. § 21-8 tredje ledd».

Etter SAK10 § 7-6 *«skal kommunen tilbakebetale tiltakshaver 25 % av det totale gebyret for hver påbegynt uke tidsfristen overskrides».*

Statsforvaltaren si vurdering

Statsforvaltaren finn at saka er tilstrekkeleg opplyst til å gjere vedtak, jf. forvaltningslova § 33. Vidare har tiltakshavar klagerett, og det er klaga til rett tid, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29.

Klaga gjeld reduksjon/fråfall av gebyr. Det er ikkje klaga på at saka utløyser byggesaksgebyr, jf. plan- og bygningslova § 33-1.

Vi tolkar klagen slik at de meiner at heile gebyret skulle vore fråfalle eller vore redusert på grunn av kommunen si sakshandsamingstid. Kommunen har i si vurdering kome til at dei ikkje har brukt meir tid enn den lovpålagte sakshandsamingstida.

I denne saka er det gitt løyve til bruksendring frå fritidsbustad til bustad. Statsforvaltaren viser til at det følgjer av plan- og bygningslova § 21-7 første ledd at kommunen skal avgjere søknaden innan 12 veker *«etter at fullstendig søknad foreligger»*. Dersom sakshandsamingsfristen i kommunen ikkje er halden, kan dette medføre reduksjon i gebyret, jf. plan- og bygningslova § 21-8, jf. SAK10 § 7-6, jf. føresegner i gjeldande gebyrregulativ.

Tanken bak ilegging av byggesaksgebyr er at det skal dekke det arbeidet kommunen etter lova er pålagt å utføre, og som samstundes blir oppfatta som ei tenesteyting for parten.²

Spørsmålet i denne saka er når søknaden var fullstendig, og sakshandsamingsfristen på 12 veker starta, jf. plan- og bygningslova § 21-2, jf. § 21-4, jf. § 21-7. Vidare er spørsmålet om fristen er passert og om det difor er grunnlag for å gi reduksjon eller fråfalle gebyret.

Vi viser til at sakshandsamingsfrista som hovudregel skal reknast frå når søknaden er fullstendig.

¹ [Gebyr- og betalingssatsar 2023 \(framsikt.net\)](#)

² Ot.prp.nr. 45 (2007-2008) s. 283



Ordlyden «fullstendig søknad» tilseier at søknaden må innehalde alle dei opplysningane som er nødvendige for at kommunen skal kunne gjere vedtak i saka, jf. også SAK10 § 5-4 første ledd og § 7-2 første ledd.

Det er søkjaren som er ansvarleg for at søknaden inneheld opplysningane som er nødvendige. Krava til fullstendig søknad går fram av SAK10 kapittel 5. Mellom anna skal det vere vedlagt erklæring om ansvarsrett, nabovarsel, gjennomføringsplan og opplysningar som følgjer av § 5-4 tredje avsnitt bokstav a til q.

Søknad om løyve til bruksendring vart registrert mottatt av Alver kommune 27.07.2022 og 07.12.2022. I brev av 09.09.2022 opplyste kommunen om at søknaden var mangelfull. Det vart også opplyst at saka vart sett på vent inntil kommunen har motteke den etterlyste dokumentasjonen. Det ble mellom anna etterspurt følgjande dokumentasjon: situasjonskart som må utbetrast slik at det syner avstand frå tiltak til nabogrense, supplert avklaring frå vegstyremakt for om tiltak krev dispensasjon frå veglova § 29. Det vart vidare vist til at ettersom det var søkt om fritak frå teknisk forskrift (TEK17) så måtte det presiserast kva heimel/heimlar ein søker fritak frå mv. Vi viser elles til kommunen sitt mangelbrev av 09.09.2022 i si heilskap.

Den 12.09.2022 vart dokumentasjon motteken ved brev frå ansvarleg sækjar. Søknaden var framleis ikkje komplett. I brev av 07.10.2022 opplyste kommunen om at søknaden framleis ikkje var komplett, og det vart mellom anna vist til at søknaden framleis må supplerast med informasjon om kva konkret paragraf/heimel det vert søkt om fritak frå i teknisk forskrift (TEK17). Kommunen viser vidare til at det ikkje er rom for å søkje om fritak frå heile teknisk forskrift (TEK17), og at søknaden bør identifisere kva punkt i den enkelte paragraf ein ynskjer fritak frå. Sjå elles kommunen sitt mangelbrev av 07.10.2022.

Ansvarleg sækjar sende ny dokumentasjon den 11.10.2022. Søknaden var framleis ikkje komplett. Det vart i brev av 18.10.2022 etterspurt dokumentasjon knytt til kva slags konkret paragraf/heimel i teknisk forskrift det vert søkt om fritak frå. Kommunen viste vidare til at det tidlegare er etterspurt grunngjeving ut frå krav i pbl. § 31-2 fjerde ledd. Kommunen viser i mangelbrev til at etterspurt dokumentasjon i punkt 1 ikkje er tilstrekkeleg dokumentert i tilleggskdokumentasjon som er sendt til kommunen den 11.10.2022. Vi viser elles til kommunen sitt mangelbrev av 07.10.2022 i si heilskap.

Statsforvaltaren meiner det er klårt at søknaden ikkje var fullstendig då den vart sendt inn, og heller ikkje då ansvarleg sækjar sendte inn supplerande dokumentasjon 12.09.2022 og 11.10.2022. Søknaden vart rekna som komplett den 07.12.2022 då det vart sendt inn naudsyste opplysningar som var relevant for fritaksvurdering frå byggteknisk forskrift. Vedtaket om løyve vert ekspedert 09.12.2022.

Vi viser vidare til at kommunen har vurdert manglane som vesentlege, og at dei nødvendige tilleggsopplysningane først er mottekne frå ansvarleg sækjar 24.11.2022 og 07.12.2022. Kommunen viser her til at disse avvika var vurdert som heilt sentrale i fastsettinga av om tiltaket var «forsvarlig» etter dåverande fritaksheimel, jf. pbl. § 31-2 fjerde ledd. Det er ansvarleg sækjar som i utgangspunktet har ansvaret for å innlevere ein fullstendig søknad med alle nødvendige opplysningar som bygningsmyndigheitene treng. Det gjeld særleg når tiltakshavar bruker ei profesjonell aktør, medrekna ansvarleg sækjar.³

³ Se blant annet Høyesterettsdom om begrensninger i forvaltningens veiledningsplikt ved bistand fra profesjonell i Rt. 1998 s. 430, og Hans Petter Graver, Alminnelig forvaltningsrett, 4. utgave, s. 348-349



Vi har på bakgrunn av vurderinga over kome til at sakshandsamingsfristen på 12 veker ikkje er overskriden.

Vi ser at det følgjer av kommunens gebyrregulativ at:

«Når kommunen sitt arbeid med ein sak avviker vesentleg frå gjennomsnittleg sakshandsamingstid kan kommunen av eige initiativ redusere gebyret gjennom enkeltvedtak. Når særlege grunnar ligg føre kan ein søkja om redusert gebyr innan 3 veker etter at faktura er mottatt. Søknad om redusert gebyr skal være grunngjeven, men personlege og/eller sosiale tilhøve vert ikkje rekna som særleg grunn. Gebyr som etter denne forskrifta er fastsett ved enkeltvedtak kan det klagast over i samsvar med forvaltningslova kap. VI. Statsforvaltaren er klageinstans.»

Kommunen kan ifølgje gebyrregulativet av eige tiltak redusere gebyret ved avvikande sakshandsamingstid, eller særlege grunnar.

Kommunen har ikkje vurdert saka etter gebyrregulativet, og gebyrregulativet legg opp til at ein reduksjon etter vurdering av sakshandsamingstid kan skje av eige tiltak frå kommunens side. Vi legg til grunn at kommunen ikkje har vurdert det som aktuelt å gjere ein slik reduksjon i denne saka.

Gebyret kan også etter søknad reduserast når «når særlege grunnar ligg føre», jf. gebyrregulativet. Dette er ein tryggleiksventil for å unngå gebyr som er openbart urimelege. Det går fram av ordlyden i gebyrregulativet at terskelen for å redusere gebyret er høg. Det må gjerast ei konkret og heilskapleg vurdering i det einskilde tilfelle.

Dei standardiserte satsane i gebyrregulativet følgjer sjølvkostprinsippet, jf. plan- og bygningslova § 33-1 første ledd, og er rekna ut frå gjennomsnittskostnadane for sakshandsaming i ulike typar saker. Det går fram av fakturaen at gebyret gjeld delt sakshandsaming og er på 5286 kroner. Vi kan ikkje sjå at det ligg føre nokon særleg grunn for reduksjon i denne saka, og såleis ikkje noko grunnlag for reduksjon etter gjeldande gebyrregulativ.

Oppsummering

Ut frå vurderingane over har Statsforvaltaren kome til at det ikkje er grunn til å gi reduksjon eller å sjå vekk frå ilagt gebyr. Sidan gebyret ligg innanfor dei rammene som lova trekk opp, og det ikkje ligg føre andre grunnar for nedsetting, er gebyret rimeleg.

Klagen er difor ikkje tatt til følgje. Alver kommune sitt vedtak om å ikkje ettergi gebyret blir difor stadfesta.

Vedtaket er endeleg og kan ikkje klagast på, jf. forvaltningslova § 28 tredje ledd.

Med helsing

Jorunn Fosse Fidjestøl
seniorrådgjevar

Caroline Sandven Taule
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:

Else Marie Nødtvedt
Alver kommune

Radøyvegen 1552
Postboks 4

5936
5906

MANGER
FREKHAUG